

**FORSLAG FRÅ ARBEIDSGRUPPA
LAGT FRAM 7. JANUAR 2019
NYNORSK**

Tingrett

Mal for rettsbok planmøte – alminnelege tvistesaker

Møtedeltakarar: Dommaren og prosessfullmektigane

Møtet blei halde som fjernmøte over telefon / som fjernmøte med videooverføring / i retten sine lokale.

Ingen hadde innvendingar mot dommaren sin habilitet.

Spørsmål til behandling	Partane sine synspunkt og retten sine avgjerder
1 Klargjering av tvistepunkta i saka	<p>Tvistepunkta i saka - slik dei har kome til uttrykk gjennom stemming og tilsvar – blei gjennomgått.</p> <p>Usemjja i saka gjeld</p> <p>[...]</p> <p>Partane stadfesta at det er semje om</p> <p>[...]</p> <p>[Eventuelt:] [Part] fekk frist til [dato] for å klargjere</p> <p>[...]</p> <p><i>[Behov for klargjering kan t.d. gjelde enkelte påstandsgrunnlag eller påstand.]</i></p>
2 Rettsmekling	<p>[Alt. 1:] Begge partane ønskte rettsmekling. Partane vil bli kontakta om tidfesting av rettsmeklingsmøte.</p> <p>[Alt. 2:] Saksøklar/Saksøkte ønskjer ikkje rettsmekling. Grunngevinga for dette er [...].</p>

	<p>Både retten og partane kan ta opp spørsmålet om rettsmekling på ny under den vidare saksførebuinga.</p>
<p>3 Bevis</p>	<p>I tilknytning til tvistepunkta – det partane er usamde om, jf. punkt 1 – vil partane føre følgjande bevis:</p> <p><u>Saksøkjaren:</u></p> <p>Dokumentbevis som er lagt fram som vedlegg til stemninga.</p> <p>Fleire/nye dokumentbevis:</p> <p>[...]</p> <p><i>[Det skal nemnast kva desse skal godtgjere, jf. tvistelova § 21-6 andre ledd.]</i></p> <p>Følgjande vitne:</p> <p>[...]</p> <p><i>[Alle vitne skal giast opp, med opplysning om kva dei skal forklare seg om, jf. tvistelova § 21-6 andre ledd. Så langt slike opplysningar er gitt på ein klargjerande måte i stemninga, kan det likevel visast til den.]</i></p> <p><u>Saksøkte:</u></p> <p>Dokumentbevis lagt fram som vedlegg til tilsvaret.</p> <p>Fleire/nye dokumentbevis:</p> <p>[...]</p> <p><i>[Det skal nemnast kva desse skal godtgjere, jf. tvistelova § 21-6 andre ledd.]</i></p> <p>Følgjande vitne:</p> <p>[...]</p> <p><i>[Alle vitne skal giast opp med opplysning om kva dei skal forklare seg om, jf. tvistelova § 21-6 andre ledd. Så langt slike opplysningar er gitt på ein klargjerande måte i tilsvaret, kan det likevel visast til det]</i></p> <p>[Eventuelt:] Partane fekk frist til [dato] for å leggje fram fleire/nye dokumentbevis eller melde frå om ny vitne.</p>

	<p>[Eventuelt:] <u>Tilgang til eller framlegging av bevis</u></p> <p>[Part] har sett fram krav om:</p> <p>[...]</p> <p>Retten sette frist til [...] for [motpart] til</p> <p>[...]</p> <p><i>[fristen kan gjelde</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - framlegging, dersom det ikkje kjem innvendingar mot plikta til framlegging - nærare grunngiving og klargjering, dersom det kjem innvendingar mot plikta til framlegging]
<p>4 Skriftleg behandling/ Utarbeiding av skriftleg materiale</p>	<p><i>[Det bør vurderast om det er formålstenleg med:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - Heil eller delvis skriftleg behandling (tvistelova § 9-9 andre ledd) - Skriftleg utgreiing om faktiske eller rettslege spørsmål (tvistelova § 9-9 tredje og fjerde ledd) - Skriftlege parts- eller vitneforklaringar (tvistelova § 21-12 andre ledd)]
<p>5 Rettsoppnemnt sakkunnig</p>	<p>[Alt 1.:] Det er ikkje aktuelt med rettsoppnemnt sakkunnig.</p> <p>[Alt. 2:] Partane er usamde i om retten skal nemne opp sakkunnig. Partane fekk frist til [dato] for å kome med merknader til dette spørsmålet.</p> <p>[Alt. 3:] Partane er samde om at retten skal nemne opp sakkunnig.</p> <p><i>[Kva for kvalifikasjonar? Frist for forslag (det er semje om), kontaktinformasjon og ev. CV.]</i></p> <p>[Eksempel:] Det er semje om at retten skal nemne opp sakkunnig. Partane får frist til [dato] for å setje fram eit forslag til sakkunnig som det er semje om, med minst to kandidatane i prioritert rekkefølge. Partane skal ikkje sjølve kontakte kandidatane på førehand. Dersom partane ikkje blir samde om eit felles forslag innan den gitte tidsfristen, ber ein om at partane [innan same frist/ei veker frist] set fram eige forslag til sakkunnig, med minst to kandidatane i prioritert rekkefølge. Ein ber i så fall om at forslaga blir utveksla mellom partane før fristen, slik at partane kan kommentere kvarandre sitt forslag innan fristen.</p>

	<p>Dommaren viste til retningslinene for sakkunnigarbeid i domstolane¹.</p> <p>Rapporten frå den sakkunnige bør liggje føre seinast [tal] veker før hovudforhandlinga.</p> <p>[Alt. 1:] [Part] er ansvarleg overfor retten for kostnadene til sakkunnig.</p> <p>Retten vil krevje inn forskott for kostnader til sakkunnig, jf. rettsgebyrlova § 3.</p> <p>[Alt. 2:] Kostnadene til sakkunnig blir dekt av staten.</p>
6 Fagkunnige eller alminnelege meddommarar	<p>[[Alt 1.:] Det er ikkje aktuelt med meddommarar.</p> <p>[Alt 2.:] [Part] krev at det blir nemnt opp alminnelege meddommarar.</p> <p>[Alt. 3:] Partane er usamde i om det skal nemnast opp fagkunnige meddommarar. Partane fekk frist til [dato] for å kome med merknader til dette spørsmålet.</p> <p>[Alt. 4:] Partane har kravd at det skal nemnast opp fagkunnige meddommarar, og retten finn at omsynet til forsvarleg behandling av saka tilseier slik oppnemning. <i>[Dommaren må vurdere om det skal tas stilling til kravet i planmøtet eller om det skal gjerast i etterkant.]</i></p> <p><i>[Dersom det skal nemnast opp fagkunnige meddommarar, vil eksempeltekst under punktet om sakkunnige i hovudsak kunne nyttast også her.]</i></p>
7 Tidfesting av hovudforhandling	<p>Nødvendig tid for hovudforhandlinga blei drøfta. Dommaren understreka omsynet til proporsjonalitet, som inneber at tidsbruken og kostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til saka si betyding.</p> <p>Hovudforhandlinga er / blei tidfesta til [dato+ klokkeslett]. Det er sett av [...] rettsdagar.</p> <p>Rettsdagen startar kl. [...], og blir til vanleg avslutta innan kl. [...].</p>
8 Avslutta saksførebuing	<p>Saksførebuinga blir avslutta [...] veker før hovudforhandlinga, jf. tvistelova § 9-10.</p>

¹ Lenke til

https://www.advokatforeningen.no/Global/AdvokatenesFagdager/SAKKYNDIGARBEID_hefte_1214_web.pdf

	<i>[Tidspunkt for avslutting av saksførebuinga bør ofte setjast tidlegare enn fristen for sluttinnlegg (t.d. ei veke tidlegare). Oppgi gjerne datoen.]</i>
9 Sluttinnlegg	<p>Frist for sluttinnlegg: To veker før hovudforhandling, jf. tvistelova § 9-10 andre ledd.</p> <p>Saksøkjaren skal sende inn utkast til framdriftsplan, (etter semje med den saksøkte), saman med sluttinnlegget sitt. Framdriftsplanen skal fastsetje tidspunkt for saksframstilling (innleiingsforedrag), avsluttande innlegg og forklaringar og ta omsyn til vanlege pausar.</p>
10 Tolk mm.	<p>[Part/vitne] treng tolk.</p> <p>Tolkespråk: Tal tolkar: Retten kallar inn tolk.</p> <p><i>[Kva skal tolkast?]</i></p> <p><i>[Er det omfattande dokumentasjon og/eller vitneføring på engelsk? Forventar retten omsetjing av dokument på utanlandsk språk? Må vitneforklaringar på engelsk tolkast i retten?]</i></p> <p><i>[Sjå tvistelovforskrifta § 13 om når det offentlege skal dekkje og ev. kan dekkje kostnadene til tolk. Sjå også § 14 om utgifter til omsetjing av prosesskriv mm. Ev. innkrevjing av forskott, jf. rettsgebyrlova § 3 første ledd jf. § 2 andre ledd.]</i></p>
11 Dokumentbevis under hovudforhandlinga	<p>Det blei avklart at ein under hovudforhandlinga skal nytte dokumentsamling utarbeidd av retten. Dokumentsamlinga skal produserast elektronisk og byggje på dokumenta som er tilgjengelege i Aktørportalen. Den blir gjort tilgjengelege for partane seinast [...].</p> <p>Dokumentsamlinga har ikkje kronologisk sortering av dokumentbevisa, men er sortert på dokumentnummer. Den har gjennomgåande paginering, innhaldsliste og bokmerke for alle hovuddokumenta og vedlegg. Under hovudforhandlinga skal det visast til sidetal i dokumentsamlinga.</p>
12 Juridisk utdrag	<p>Dersom det skal nyttast juridisk utdrag under hovudforhandlinga, bør dette vere felles og utarbeidd i samarbeid mellom partane. Retten ber om å få det juridiske utdraget i elektronisk form gjennom Aktørportalen <i>[ev. papirutdrag i tillegg]</i>.</p>
13 Andre spørsmål	<i>[Spørsmål som tas opp dersom saka gir grunn til det – i så fall gjerne med eige punkt i rettsboka.]</i>

	<ul style="list-style-type: none"> - Skal saka behandlast etter særlege reglar? [Arbeidsmiljølova, skjønnsprosesslova, tvistelova kapittel 36 mm.] - Bør behandlinga av saka delast opp? [jf. tvistelova § 16-1] - Skal det haldast rettsmøte eller andre møte under saksførebuinga? Kan det vere formålstenleg å avgjere saka etter rettsmøte under saksførebuinga? - Skal det gjennomførast synfaring? [Dersom synfaring – avtal praktisk gjennomføring; transport, vitneføring på staden/i retten mm.] - Bør hovudforhandlinga gjennomførast på ein særskilt måte? [t.d. rekkefølge av innlegg eller bevisføring] - Bruk av disposisjon og andre hjelpedokument [ev. fastsette fristar og elektronisk innsending til retten og motpart]
14 Oppsummering	<p>Er det fleire spørsmål som bør avklarast for å sikre at saka blir behandla i samsvar med dei grunnleggjande omsyna som følgjer av tvistelova § 1-1?</p> <p>[Det følgjer av tvistelova § 1-1 at lova skal leggje til rette for ei rettferdig, forsvarleg, rask, effektiv og tillitsskapande behandling av rettstvistar. Saksbehandlinga og kostnadene skal stå i eit rimeleg forhold til saka si betydning.]</p>

Dommaren erklærte møtet for avslutta og opplyste at rettsboka vil bli gjort tilgjengeleg i Aktørportalen.

Dommaren minte og om retten sine retningsliner for behandling av sivile saker. Denne bør partane gjere seg kjende med.